

Referat

Tid. 25.05.21 kl. 08.00 – 8.30

Stad: Teams-møte

Til stades: Fylkesordførar Jon Askeland
Fylkesrådmann Rune Haugsdal
Leira i kontrollutvalet, Dan Femoen
Partner i Deloitte, Birte Bjørkelo
Kontrollsjef Hogne Haktorson, Sekretariat for kontrollutvalet
Seniorrådgjevar Roald Breistein, Sekretariat for kontrollutvalet

TEMA: PROTOKOLLAT FRÅ STYRELEIAR I GRIEGHALLEN IKS TIL REPRESENTANTSKAPET 26.05.2021

Bakgrunn:

Styreleiar i Grieghallen IKS har sendt eit protokollat til representantskapsmøte 26.05.2021 som kritiserer kontrollutval, revisjon og sekretariatet si handtering av oppfølging av selskapskontroll av Grieghallen IKS som vart gjennomført av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i 2018. Selskapskontrollen omfatta både fylkeskommunen si eigaroppfølging, problemstilling 1, og problemstilling 2 - 4 knytt til drifta i selskapet.

Kontrollutvalet si bestilling av selskapskontrollen knytta til drifta i selskapet:

2. Driv Grieghallen IKS si verksemd i samsvar med lov om interkommunale selskap, selskapsavtalen og andre sentrale mål som eigarane har sett for selskapet?
3. Har selskapet etablert tilfredsstillande internkontroll tilpassa drifta i selskapet?
4. Har selskapet etablert system og rutinar som sikrar ei forsvarleg økonomisk drift?

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune sitt vedtak 12.12.2018:

1. *Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med intkomsel. § 8 og selskapsavtalen.*
2. *Utarbeide økonomiplan i samsvar med intkomsel. § 20 og selskapsavtalen*
3. *Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med intkomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.*
4. *Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.*
5. *Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.*
6. *Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.*
7. *Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.*
8. *Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkelskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomta.*
9. *Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.*

10. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Oppfølging av selskapskontrollen:

Selskapskontrollen har vore følgd opp fem gonger tidlegare utan at punkta er svart ut på ein tilfredsstillande måte slik kontrollutvalet ser det. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har bede om ny oppfølging med svarfrist til i dag 25.05.2021.

Dette kom fram i møtet :

Dan gjorde greie for innlegg han har hatt i kontrollutvalget i Bergen kommune der denne selskapskontrollen m.a. var tema. Utvalet i Bergen vart overraska over det som kom fram.

Jon meinat at det bør gjerast ein avsjekk med Bergen kommune om korleis dei ser på saka.

Hogne orienterte om at styreleiar i møte med kontrollutvalet gav uttrykk for at IKS-loven ikkje kunne vera meint for selskap som Grieghallen IKS, og at ein derfor ikkje trond følgja alt det som står der.

Roald orientert om at alle vedtak i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune også er send til kontrollutvalet i Bergen kommune til orientering. Vi har ikkje fått respons tilbake.

Birte orienterte om at ho ikkje forstår kva det er som er så vanskeleg å følgje opp då dei 6 tiltaka dei har foreslått er relativt enkle og greie.

Roald supplerte med at punkta 7 - 9 vart i tillegg føreslått under handsaminga av rapporten i kontrollutvalet og seinare vart vedteke av fylkestinget.

Dan, Hogne og Roald meiner at møtet 15.06.2020, der styreleiar og daglege leiar var til stades, var eit heilt ordinært møte utan at det var verken hånflir eller annan ufin opptreden. Dei kjenner seg ikkje igjen i skildringa til Rosenlund.

Jon orienterte om at han, Rune og Roger Valhamar hadde eit møte for ei stund sidan der denne saka m.a. var tema.

Rune orienterte om Inga Lise Moldestad vert føreslått som ny styreleiar og Marianne Thunes vert føreslått som nytt styremedlem.

Ny styreleiar bør innkallast til møte i kontrollutvalet for å presentere utfordringane med oppfølginga av denne selskapskontrollen.